

Varhaugbuen


BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2005

Nytt trenings-senter på Varhaug

I månadskiptet juni/juli åpner Jan Eivind Nærland sportsenteret "Formtoppen" i IT-bygget

Lerbrekk skolehus for 70 år sidan

Skolehuset på Lerbrekk har vært brukt til så mangt. Det den eldre garde husker best, er da huset ble brukt til skolehus.



Litt historikk

Som mange kjenner til, er ikkje Varhaug-buen noko nytt blad. Det har berre vore i dvale - eller hi om du vil - ei tid.

Den "gamle" Varhaugbuen vart starta i 1992 av Varhaug bygdeungdomslag. Året etter kom og Svala 4H med. Sjølv om laga hadde ein god redaktør i Anbjørn Ueland, var det likevel tungt å få til eit blad, og det heile dabba litt av.

Då desse to laga saman med bonde- lag og bondekvinnelag fekk Internatet i 1995, vart det bestemt å prøva å få bladet på føtene att. Dette klarde dei fram til 2000, men så var det stopp. Ein kan ikkje driva eit blad utan økonomi og stoff, og det skorta helst på begge deler. I tillegg vart det skifte på styra, laga hadde problem med å tigga bedriftene om pengar, og det var heller ikkje lett å finna folk som ville skriva noko.

Men nå håpar me på betre tider. Bedriftsforeninga på Varhaug ynskjer å få gang på bladet igjen saman med lag og foreningar.

Det vart i november 04 danna eit interimstyre med Jon Harald Håland frå bedriftsforeninga og desse frå Internat-laga: Jone Bryne (bondelag og 4H), Kristin Søyland (bygdekvinne- lag og litt bygdeungdomslag) og Liv Hobberstad (bygdekvinnelaget)

Det første som vart drøfta i november var:

- Kva vil me med bladet?

- Kvifor er handelsstanden interessert i å vera med
- Korleis skal dette styrast, og kva med eigarskapen?
- Kva med økonomien?
- Skal bladet sjå ut som før, eller "verta ny"?
- Kor mange sider og nummer pr. år?

Interimstyret ynskje eit blad som skal vera identitetsbyggjande og samlande for folk i Varhaug, slik at me kan få større innblikk i kva som skjer og har skjedd i bygda med organisasjonsliv, bedrifter og historie. Me trur at alle kan tena på å samla krefter i eit blad som famner om heile bygda, same kva slag bakgrunn ein har.

Handelsstanden har same mål som laga generelt om å skapa identitet til bygda og ynskjer at innbyggjarane skal få ein større "eigarskap" til bedriftene og bygda. "Me kan ikkje syta over tilbod me ikkje har, viss me ikkje nyttar oss av dei tilboda som fins" Mål om å få Varhaugbuar til å handla lokalt.

Interimstyret har sett føre seg at bladet skal vera breiare ankra i bygda, enn berre gjennom dei tidlegare laga på Internatet. Dei ynskjer å gje tilbod om "eigarskap" og spalteplass til alle lag og organisasjonar i bygda.

Dei ser det som naturleg at internat-organisasjonane har ei tyngd i styret, og at bedriftsforeninga har ein fast plass, medan dei andre organisasjonane

ne som vert med, deler på dei to siste styreplassane.

Bedriftsforeninga har ansvaret for annonsane. Her er det bestemt at til kvart blad skal det vera 2 1/2 sides annonsar + resten med visittkortstorleik. Varhaugbuen har frå før eit "reiregg" på kr. 15.500. Bedriftsforeninga har ytt det same og Time Sparebank kr. 5.000. Det er altså kapital til oppstarten, men er sjølv sagt heilt avhengige av litt reklame for at det skal gå i hop.

Om bladet skulle få eit anna namn enn Varhaug-buen har og vore diskutert. Dette på bakgrunn av at det nå kjem ut ei avis som heiter Jærbuen.

Det som er heilt sikkert - i alle fall dette første året - er at journalistarbeidet skal vera ei 4H oppgåve som Kine Aasland og Linn Karin Bryne skal ta seg av. Elles har Liv Hobberstad lova å vera med på den redaksjonelle jobben.

Me håpar å få til 3 nummer i 05, men meininga er at det med tida skal koma ut eit nummer i kvartalet, dersom laga som går inn i Varhaugbuen syter for stoff.

Bladet skal trykkast i Jærbladet, vera i A4 format og med farga omslag.

Både Linn Karin og Kine har gått tilbake i tid i arbeidet sitt denne gongen. Det er bra med stoff både frå nåtid og fortid. Ikkje minst er dette viktig for dei som ikkje er innfødde Varhaugbuar at dei får litt kjennskap til korleis det var i bygda før..

 **BYGGMESTER**
Jon Harald
Håland a.s
Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03


BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

EL-TEAM
Elektroentreprenør

Elles vil bladet prøva å få med nyhende i dei laga som er med, intervju m.m.

Men det er og gildt med tips frå bygda og gjerne med bilete.

Men me i redaksjonen får nok føla oss litt fram nå i starten, så vel me å tru at ting vil falla på plass etter kvart.

Varhaug 18/4-05
Til Varhaugbuen
Varhaug Misjonshus.

Gratulerer med første utgaven av det nye Varhaugbuen. Misjonshuset vil være med å bidra med stoff og informasjon om det som skjer på Misjonshuset.

Med vennlig hilsen, Per-A. Jakobsen,
formann i styret for Misjonshuset.

Ny møtesal

16 november ble den nye møtesalen tatt i bruk. Bildet viser interiøret. Fram til nå er den kunstneriske utsmykningen under arbeid hos Per-Odd Aarrestad, som er kjent for flott arbeid utført i mange kirker og bedehus. Utsmykningen vil bli presentert i forbindelse med innviing av møtesalen, noe vi planlegger til helga 10-11 september som del av semesteroppstarten.

Nytt styre

Styret i Misjonshuset ble konstituert på styremøte 4. April

Formann: Per-Arvid Jakobsen

Nestformann: Ove Braut

Sekretær: Asbjørn Fauskanger

Styremedlemmer: Håkon Reinås, Håkon Varhaug, Magnar Nord-Varhaug,

Toralf Liene,

Odd-Geir Varhaug og Ivar Håland

På årsmøtet 17/3 ble Glenn skretting valgt til ny kasserer.

Husk

Husk at fristen for å melde interesse for leie av lokale til konfirmasjon i 2006 er 1. mai 2005. Misjonshuset kan ha to konfirmasjonsselskaper samtidig, og det er loddtrekning mellom de som er interessert. Matsal/kjøkken/undomssal trekkes først, deretter møtesal/anretningskjøkken.

Ellers: Misjonshuset er å finne på internett, se www.varhaug-misjonshus.no
Og: det er kontortid mandag og torsdag kl 1900-2100
(2000-2100 mellom 15/5 og 15/8), telefon 51430808.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Brigdeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule. Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar

Jo Ånestad, brigdeklubben

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Sverre Varhaug, vennelaget Lerbrekk

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjenne-merke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden som vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still
og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav ein
gløymsekleddnad god.*

*Men ein og annan merkestein held fast
eit minne enn*

*der han står vakt om deira bein som
levde i vår grend "*



Eit sunnare Hå



Fv.: Kurt Auestad, Trygve Vik, Lars Kristian Haaland, Endre Vagle og Karl Skrettingland

Rett før påske fekk alle husstandar i Varhaug ei drikkeflaske i postkassen. Det var roveranse i 1. Varhaug KFUM speidargruppe som fekk i oppdrag av Hå kommune å levera desse ut på Varhaug. I alt vart det levert ut vel 1200 flasker.

Hå kommune sin målstjing er å skapa ei haldningsendring blant innbyggjarane i Hå kommune ved å leggja til rette og inspirera til ein aktiv kvardag og eit sunt kosthald "Bevegelsesglede".

Inne i kvar flaske låg det ein foldar med meir info fra kommunen.

Her er nokre av roverane, det var fleire som var med.

I sommar skal 6 av roverane delta på ein dansk speidarleir ved Guldborg på Falster. Der har dei fått i oppdrag å finna ei dansk venskapsgruppe som me kan be med oss på landsleir neste år. Den skal vera på Røros. I tillegg så skal dei ta kontakt med engelske speidarar, då me har planar om å delta på ein stor leir i England i 2007 (world-

jamboree2007). Då er det verdensmarkering for då er det 100 år sidan Baden Powel starta den første speidargruppa.

Gutar som går i 6. klasse eller høgare til hausten kan begynna i speidaren hos oss. Dersom det er nokon som ynskjer det, så er det bare å ta kontakt på tlf. 90058503. Mer held til på Varhaug misjonshus, og har møtene på onsdagskveldar.

Per Åge Skretting

Hæren
Boligoppussing AS
Magnar Auestad
Tlf.: 51 43 12 37
Mob.: 905 72 533
Maling - Tapet - Gulvlegging

GARDINER - MALING - GULVBELEGG - TEPPER - TAPET
Halvorsen's
fargehandel
4360 Varhaug - Tlf. 51 43 05 97

HAUCK
DØR PORT SERVICE
SALG - MONTASJE - SERVICE - REPARASJON



Svala 4H

Dette 4H året startet klubben opp med 30 medlemmer, av disse var det 8 nye.

Siden det også er noen få medlemmer som sluttet etter sist år så ligger vi omtrent likt med i fjor, bare en liten økning på 2 personer.

Styret i Svala 4H dette året består av:

Leder:

Kine Aasland

Nestleder:

Espen Lobekk Hjelmen

Sekretær:

Linn Karin Bryne

Kasserer:

Guri Bratland

Styremedlem:

Terje Vik og Maren Iren Kvía

Klubbrådgiver A:

Jone Bryne

Klubbrådgiver B:

Brit Elisabeth Bratland

Brit Irene Kvía

Dette året har vi nå, etter et par medlemsmøter, bestemt at siden det er så få medlemmer som er aspiranter, så slår vi sammen disse møtene med de andre medlemmene slik at det bare blir et felles medlemsmøte. Alle medlemmene har nå fått utdelt oppgavebøkene sine og mange er allerede godt i gang med disse.

I mars begynte juniorene og seniorne å selge lodd. Vi har mange ivrige medlemmer som kjemper om å få selge mest lodd, og vinne premien som de får utdelt på høstfesten i oktober.

Til nå har de vært så ivrige at vi var

nødt til å bestille mer lodd slik at alle kunne ha en sjangs til å vinne premien. vi håper dere tar godt imot våre loddseiere som enten har vært eller i den nærmeste fremtid, kommer og selger lodd.

Mange har kanskje fått med seg at det 2 gonger i året er plastinnsamling på felleskjøpet. Dette er det Svala 4H som står bak og arrangerer. Hver gang det har vært plastinnsamling har det vært mange bønder som har vært og kvittet seg med blant annet siloplast og annen myk plast som bønder og andre bruker. Sist plastinnsamling var i desember i fjor. Da fikk vi inn 12, 3 tonn plast, og av dette fikk Svala 4H 6150 kroner som kommer godt med i driften av klubben. Vi vil takke alle bønder og andre personer som kommer med plast, og oppfordrer alle som har noe plast liggende hjemme å komme til Felleskjøpet 11. mai 2005, kl.18.00-20.00. Husk! det er også mulig å få levert storsekker. Det blir også annonsert i bondevennen og hengt opp lapper på Felleskjøpet, Spar og på Mega

Vi takker alle bedriftene som er med på å sponse klubben, vi hadde ikke klart og drevet klubben slik vi gjør nå viss vi ikke hadde hatt disse sponso-
rene.

Vi ser frem til et morsomt og lærerikt 4H- år og har mange spennende ting på programmet fremover sommeren og høsten.

Linn Karin Bryne



Linn Karin Bryne

Jeg heter Linn Karin Bryne og bor på Tjelsengen, på Varhaug og blir 18 år i november.

Jeg er medlem i Svala 4H der jeg er med i styret som sekretær. Dette er det 9. og siste året mitt i 4H, så til høsten får jeg plaketten. I de 3 siste årene har jeg vært med i styret i Svala og har vært sekretær alle årene. Dette året har jeg en egenvalgt oppgave som heter "Varhaug buen". Den går ut på at jeg skal være med å bidra og skrive stoff til dette bladet.

Uten om dette så går jeg på skole på vk1 hjelpepleie, på Time Vgs. På Fridtjen utenom 4H trener jeg på Sports Club og jobber på sykeheimen på Nærbø, serverer på Jærgarden Kvalbein og vasker på Rørlegger Team på Varhaug.

Jeg kommer til å være med å lage og skrive stoff til 3 utgaver av dette bladet.



Kva skjer i bygdekvinnelaget?



Arkivbilde av Inger Ueland

"Psykriatrien før og nå"

Dette er emne på møtet til Varhaug bygdekvinnelag torsdag 28. april kl. 19.30, som vert på aktivitetssenteret, Klokkegarden. Her vil me få omvisning, det vert utlodning og det er og høve til å kjøpa ting som er laga på senteret. Me får og kjøpa oss god mat og kaffi til ein rimeleg pris. Me har bedt med oss både Ogna og Vigrestad bondekvinnelag og Jærhatten til denne kvelden.

Inntekta av utlodninga går til velferdskassen på senteret.

Alle er velkomne til å vera med oss, for det er eit åpe møte!

"Grill og staudebyting"

Onsdag 25. mai kl. 19.30 tek me tu-

ren til Brit Kvia på Ånestad. Ho har grillen varm, så me må ta med oss grillmat. Elles får me kaffi og kaker.

De må og ta med stol og stauder, dersom de har det. Brit har bestilt fint ver!

Varhaugmarken

Som tidlegare år vert det kinning og baking av flatbrød. Me vil og prøva å få laga nokre plakater o.l. for å visa bygdefolk og andre kva vi driv med i laget

Tur

11. juni reiser ein del av medlemane på busstur med Rogaland bygdekvinnelag til Strand.

Basar.

Etter ein lang og god ferie, starter bygdekvinnelaget opp haustsesongen med den årlege basaren. Den vert som vanleg på eldresenteret den siste torsdagen i august.

Jubileumsfest - me vert 70 år.

Varhaug bygdekvinnelag (bondekvinnelag) vart stifta i 1935, så det er berre så vidt dei har nådd pensjonsalder. Men det er eit vel oppgåande lag som vil feira 70 års dagen med festmiddag på Holmavatn 1. desember. Meir informasjon om dette kjem ein tilbake med seinare, men merk dykk dagen alt nå.

Dette er noko av det bygdekvinnelaget er opptekne av i tida framover. Som medeigar i Varhaugbuen, ser me nå fram til at dette bladet kjem på føtene att. Me meiner det er viktig å ha eit blad i bygda som kan femna om alle, og håper det vil verta godt motteke.

Kanskje kan og bygdekvinnelaget få nokre nye medlemmer ved hjelp av dette?

Varhaug bygdekvinnelag - som skifta namn frå bondekvinnelag etter at både land og fylke gjorde det, er eit lag for heile bygda, Du treng ikkje vera frå gard eller gardakone for å vera med her. Er du tilflyttar til bygda, kan dette vera ein måte til både å få nye vener og verta betre kjent.



Klar for mai og sommer

Varhaug Skulemusikkorps er på oppadgående kurve. Korpset har nå lagt om spillestilen, og blitt til storband. Det vil si at det er litt andre instrumenter med i korpset. Den tydeligste endringen er at vi har med el.gitar og el.bass. Og at det spilles mye mer "rocke" musikk.

Medlemstallet er stigende, og nå be-

gyunner alle å bli klar til alle spilleoppdragene som kommer i mai og juni. Det er en travel tid å være korpsing. Men veldig gøy.

Dette året blir avsluttet med nesten en uke på "turnè" til Tyskland. Det blir noen konserter, men det blir nok tid til litt bading og kos, etter en travel vår.

Får me eit finare sentrum til sommaren?

Burde ikkje det samarbeidet som har vore mellom kommunen og bedriftsforeninga dei siste åra for å få til eit finare sentrum, snart bære frukter? Både 17. mai og Varhaugmarken står for døra, så det skal vel godt gjerast å få noko til før desse dagane. Men i løpet av sommaren burde det vel skje noko?

Det er ikkje alltid så mykje som skal til, nokre blomsterurner her, nokre

søppelstativ der osv. Litt pengar vil det nok kosta, men det står sikkert både kommunen og bedriftsforeninga i. Og butikkane er vel og interessert i at det skal verta fint og trivsleg rundt dei?. Kva med å ha dette som motto: "Eit reinare og trivslegare sentrum"

Varhaug Bridgeklubb



Varhaug Bridgeklubb har eksistert sidan starten av 50-talet. No er me 20 medlemmar i klubben på Varhaug. Mange av desse kommer frå Vigrestad, sidan deira bridgeklubb vart nedlagd for nokre år sidan.

Me arrangerar klubbmeisterskap i løpet av året. Utover det er det mogleg å delta i andre klubber på Jæren, Kretsmeisterskap, Divisjonsspelning og Noregsmeisterskap.

Bridgeklubben på Varhaug spelar bridge kvar måndag på Varhaug barne-skule i bomberommet. Me spelar i tidsrommet 1. september til påskeferien.

Bridge blir spelt av personar i de fleste aldersgrupper. Alt i frå ungdommar i ungdomskulealder til pensjonistar. Med jamne mellomrom blir det arrangert nybegynnarkurs. I haust var det kurs på Nærbø med brukbar deltaking.

Styret i klubben er no:

Tor Moi Leiar

Jo Ånestad Kasserar

Reidar Lerbrekk Styremedlem

Me ynskje å profilera oss i Varhaugbuen for å skapa interesse for dette fantastiske kortspelet. Ta gjerne kontakt med ein i styret viss du kan tenkja deg å starta med bridge.

Jo Ånestad



Lerbrekk skolehus for 70 år siden



Sverre Varhaug har og vore ei av eldsjelene i restaureringsarbeidet på skulen.



Glimt frå klasserommet på Kulturminnedagen 8. september 2002.

Skolehuset på Lerbrekk har vært brukt til så mangt opp gjennom årene, men noe av det den eldre garde husker best, er når huset ble brukt som skolehus. Sverre Varhaug fra Husvegg var en av flere som var elev på denne skolen for 70 år siden. Han husker veldig godt hvordan det var å gå på skolen og hvordan omstendighetene var rundt og i skolehuset.

Det var i mars 1935 Sverre begynte som elev ved skolen, og her gikk han i 7 år. Men det var bare 5 skoleår han skulle gå. Grunnen til at han gikk 7 år på skolen og bare 5 skoleår var at han i 2. og 4. klasse gikk to år for å jevne ut klassene. Klassen som begynte det året som Sverre begynte, var på hele 19 elever, som var veldig mange på

den tiden. Elevene som gikk på skolen på Lerbrekk var fra bl.a Husvegg, Lerbrekk, Ånestad og Nord-Varhaug.

De første årene gikk de bare på skolen 2 dager i uken, onsdag og lørdag. Når de kom opp i 3. klasse var det skole annenhver dag. Skoledagen begynte kl. 9 og sluttet i 2, halv 3 tiden.

Skolehuset innvendig

Skolehuset var delt i 2 deler slik som det er i dag. I den nordre delen var det klasserom, mens i den søre delen bodde lærer Berta Årrestad den tiden hun underviste på Lerbrekk.

Alle elevene satt på doble trepulten der det var innfelt plass til både penn og blekkhus.

Det fantes også ovn inne i klasse-

rommet, den ble godt brukt til å tørke votter og luer på når det var vinter og snø. Til brensel i ovnen ble det brukt torv.

Skoletimen og friminuttet

Hver time begynte alltid med en sang, og dagen ble også avsluttet ved at elevene sang stående på siden av pulten. Etter hver time ble elevene sendt ut for at klasserommet skulle bli luftet godt ut til neste time. Det fantes ikke slike ventilasjonsanlegg som vi har nå, så da ble det bare luftet ut gjennom vinduene.

Ute i friminuttene var det forskjell på hvilke aktiviteter elevene dreiv med. Jentene spilte som regel veggball, mens guttene spilte fotball. Noen

Jæren Gulv ^{AS}
TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT

glass-studio jæren

glass-studio jæren

Lerbrekk • 4360 Varhaug

Åpent: Mandag og onsdag 18.30 - 21.00

Lørdag 11.00 - 14.00, ellers etter avtale

Tlf. 51 43 02 41

ganger spilte de også takhys, med da var de som regel blandet gutter og jenter.

Det var ikke noen svære uteanlegg eller fotballbaner utenfor skolehuset, så fotballen ble som regel spilt ute på den gamle postvegen, som nå er riksveg 44. Siden det før i tiden nesten ikke var trafikk ute på vegen så var det trygt å spille der. Viss det skulle komme noen biler, så hadde de så god utsikt at de hadde god tid til å flytte seg til bilen kom. Bilene hadde heller ikke så stor fart slik som de har nå for tiden.

Når det var matfriminutt var det forskjellig etter årstiden. Om vinteren fikk elevene lov til å sitte inne å spise maten sin, mens om sommeren og våren satt de ute å spiste. De som bodde helt nærme skolen gikk av og til hjem for å spise mat.

Hvis det ble nødvendig å gå på do måtte elevene ut på utedoet. Utedoet var delt i guttedo og jentedo. Hos jentene var det 3 hull, mens hos guttene var det bare et hull, men der var det også en renne som de kunne bruke.

Fagene og bøkene

Det første året var katekisme et av fagene de hadde, årene etter ble fulgt av bibelsoga, rekning, skriving, naturfag og landkonna (geografi). En av de første bøkene de fekk var ABC. Denne boken ble brukt til å lære alfabetet med og lære enkle stavinger. Den største boken av alle var boken som ble brukt i landkonna (geografi). Mens den minste boken var en liten grønn bok som elevene brukte i katekismetimene. Her var det skrevet ned bud og forklaringer på disse. Noen av bøkene de hadde måtte de kjøpe for egne penger, men det var også noen av bøkene de fikk på skolen.

Skriftspråket de hadde var nynorsk, men i 1938 kom en ny rettskrivingsre-

form der i- form gikk over til a- form, så det ble en liten omstilling for elevene som gikk på skolen.

Når de skrev brukte de penn og blekk, og det måtte mye øving til for at bokstavene skulle bli fine og for at det ikke skulle bli noe blekksprut. Men det lønnet seg å øve for resultatet ble flott. Gjennom alle årene på skolen var alle elevene nødt til å skrive lykkeskrift.

Klærne

Elevene hadde ikke noen spesiell form for skoleuniform, men de hadde allikevel flotte og velstelte klær på seg. Jentene var antrukket i kjole, mens guttene hadde nikkere. Sokkene som de hadde gikk opp til knærne og var festet i en slags strikk til livstykket som de hadde på seg. Når det var vinter og kaldt hadde guttene lov til å gå med lange bukser i plassen for nikkere. Og også etter de var konfirmerte fikk de lov til å gå med lange bukser.

I 1942, noen måneder før skoleåret og den 7 år lange skolegangen var slutt, streiket lærerne blant annet på grunn av krigen som kom til landet. Så derfor ble skoleåret avsluttet tidligere enn det skulle.

Etter 1959, da det var slutt på å bruke skolehuset til undervisning, har huset blitt brukt til bl. a søndagsskole. Bebyggelsen rundt skolehuset har i alle år gått på dugnad for å fikse opp skolehuset slik at det ikke skal forfalle. Det gamle skolehuset har blitt brukt av mange generasjoner opp gjennom tidene og innenfor sine 4 vegger rommer minner fra både unge og eldre.

Linn Karin Bryne



Utstilling på Lerbrekk

Lerbrekk Skule har dei siste åra husa fleire utstillingar. Ein del av Ola Varhaug sine måleri var presentert i 02 og Sigurd Haver sine i 03. Den siste var nå i mars, då Tor Tollefsen frå Sandnes hadde utstilling og sal av flotte blyantteikningar.

Frå årsmeldinga til vennelaget (105 medlemmer) for Lerbrekk Skule, er det sakså fylgjande:

...1670 har skrive i gjesteboka...Det har vore 12 fødseldagsselskap, 3 barnedåpselskap, 1 konfirmasjon, 5 familieselskap, 1 søskenbarntreff, 1 bryllupskaffi + julemøte til fleire lag og andre samlingar. I tillegg kjem dei vanlege arr. som vennelaget står for: kafe, grillkveld, julemøte o.a.



Litt frå gamal tid



Tida på 1860 talet var heilt annleis enn nå. Kvinnene skulle gjera så å sei alt. Ikkje nok med at dei skulle ta husstellet som matstell, karding, spinning og veving, hadde dei det meste av fjøstellet på seg - og ved sida av alt dette, ein god del utearbeid i onnene.

Folketeljinga i 1835 viser at det i Hå var 392 ektepar og 1746 ugifte. Derav 779 menn og 840 kvinner, 41 enke-menn og 86 enker.

I 1960 budde det fleire folk på Varhaug enn det gjorde i heile Hå rundt 1890.

I 1837 til 1893 var Varhaug og Nær-bø ein kommune.

I 1874 fann stortinget ut at dei kunne begynna å byggja jernbane. 4 år etter kjørde det første toget over Jæren. Meieri, krambu og andre verksemdar vart oppretta i stroka rundt togstasjonane. Industri kom til, og åra mellom 1880 og 1900 synte god framgang.

I 1900 kom Varhaug meieri. I midten av mai 1908 kom Varhaug forbruksforening. I 1912 kom det eige bakeri på pakkhuset på Varhaug. Under 1.

verdenskrig var matvarene rasjonerte, Kvar husstand fekk 1/8 kg sukker pr. person, 1 kg kveitemjøl og 1/2 kg kaffi pr veke for kvar familie.

I 1923 vart nytt pakkhus og bakeri teke i bruk. I 1938 vart vernet Varhaug forbruksforening endra til Varhaug Handelslag. Dei ville ha eit meir norsk namn. I 1957 kjøpte dei Varhaug Meieri, og bygde ut på nytt.

Varhaug og Vigrestad skulane hadde tilsaman over 500 elevar i småskulen og rundt 50 i framhaldsskulen. Heradet hadde 4 storskulekrinsar og 3 småskulekrinsar.

Kysten ved Varhaug vart kalla "dødens kyst" p.a. alle steinane langs kysten. Hadde ein visst kor mange båtar som har stranda, hadde ein vorte reint forskrekka. Ei tid var det så ille at ein rekna rundt 10 strandingar i året, og for mest kvar stranding gjekk det dødsbod til heimane. Men ei stranding fekk og fart på folka i land, kanskje var det brennevin og anna godt å finna.

Gamle statistikkar sa at det var in-

gen annan plass i fylket som hadde så mykje dyrkbar jord som Varhaug, og at Varhaug i framtida ville verta den største jordbruksbygda i landet.

I 1904 vart kyrkja på Odland bygt ved at gamlekyrkja ved sjøen vart seld til nedriving. I 1954 vart ho opp-pussa. Altertavla er laga av kyrkjekunstnaren Peiter Reimers. Tavla som er skjelden og veldig fin, stod i gamlekyrkja på Varhaug til den nye på Odland vart ferdig.

Visste du dette:

- Obrestad havn hadde hoppbakke i 1939.
- I 1907 fekk Varhaug og Vigrestad rikstelefon, men først i 1914 vart det bygd telefonlinjer.
- Det var postkontor på Hobberstad før det var slikt kontor både på Bryne og Sandnes.
- Det var J.A. Budde som førde ideen om steinbukken heim frå England

Kine Aasland



Kine Aasland

Hei! Æg hette Kine Aasland, æ 17 år å bur på en gard så hette Nordsletten.. Æg går på 4h å æ leder i styreder. Dettan åre he æg vellt journalist

så 4h- oppgava så derfor ska æg legga inn nogen artikla i blae framøve.

Æg går nå allmenn dæ andra åre på tryggheim vgs. Når æg slutte på skulen så æ planane mine å ta ett friår frå skulen eller varta utvekslingsstudent i Frankrike, England eller Australia. Dæ æ noge æg allti he hatt lyst te!

Annen kvær sunddag så arbeie æg på Jærgaren på Brusand så servitor. Annen kvær helg så stedle æg grise. Andre ting æg drive mæ i fritiå æ sefølgelge å gå mæ venna.

Formtoppen

Eigaren Jan Eivind Nærland er snart 30 år og bur på Nærbø. Han har sambuar og 2 døtre. Senteret på Nærbø kjøpte han i slutten av 99. Tidlegare arbeidde han som servicetekniker på kontormaskiner, noko han framleis har litt av. I tillegg arbeidar han som avløyser på Obrestad tysdag, onsdag og torsdag + annankvar helg. På den garden har han vore sidan han var 15 år, så det er ein arbeidssam ung mann som nå starter på Varhaug

Jan Eivind var interessert i trening, og kjøpte treningssenteret for å ha det som hobby. Kunne vel ikkje tapa så mykje på det, tenkte han.

Foreldra var helst skeptiske til dette, men nå som kan skal starta på Varhaug, har dette endra seg for dei.

Sjå I.T. vil det verta treningssenter både i 1. og 2. etsaje med heile 5-600 m2. Han starter i slutten av juni (håper han) og det vil verta døgnåpent. Her kan folk koma og treni sjølv på eige ansvar, men dersom det er interesse for det, vil han og arrangera kurs både i treningsopplegg og kosthold.

Han har og nært samarbeid med fysioterapeut Adrian Schønhage v/bedriftshelsetenesta i Hå.



Ann Elin gler seg til å trene på Varhaug

Jan Eivind ser fram til å starta på Varhaug. Sidan han har kunder både herifrå og lenger sørover, reknar han med at desse vil treni her nå. Varhaugbuen ynskjer han velkomen i bygda, og håper dette kan få mange opp frå godstolen. Dette kan vel og passa inn i mottoet "Eit sunnare Hå"?

Konstituerande møte

18. april 2005 hadde Varhaugbuen møte på Internatet. Der møtte det folk frå bygdekvinnelaget, Svala 4H, misjonshuset, fråhaldslaget, brigdeklubben, skulemusikk-korpset og bedriftsforeninga.

Her gjekk ein gjennom statuttane for Varhaugbuen, og godtok desse. Vidare vart desse valde i styret for Varhaugbuen:

Leiar Jon Harald Håland frå Varhaug bedriftsforening. Nestleiar Jo Ånestad frå Varhaug Brigdeklubb. Kasserar Jone Bryne frå Svala 4H. Sekretær Kristin Søyland frå Varhaug bygdekvinnelag. Styremedlem Per Arvid Jakobsen frå Varhaug Misjonshus. Varamedlem Sverre Aanestad frå Varhaug fråhaldslag og Sverre Varhaug frå Vennelaget for Lerbrekk skule. I tillegg til desse er og Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug bondelag og Varhaug BU fullverdig medlem av Varhaugbuen.

Vidare er Liv Hobberstad leiar av redaksjonen saman med Kine Aasland og Linn Karin Bryne + styret. Redaksjonen ser fram til eit fruktbart samarbeid med dei laga som er nemnde. Er det andre lag som vil koma til etter kvart, så er dei og velkomne. Til større breidde ein har, til gildare blad kan ein få til for bygda vår.



Vaskedag hos FK butikken på Varhaug tors. 28 april.

Motorsag
MS 170. Før 1990,-

Nå **1490,-**



Supertilbud

Maling
10 liter. fra **299,-**

**Demonstrasjon,
prøv selv
Servering**

Høytrykksvasker
Stihl 127

3418,-
inkl.
terassevasker



**Høytrykks
vasker**

Stihl 117

2890,-
inkl.
terassevasker

**Kun Torsdag
÷ 500,-**

Mandag - fredag
Lørdag

08.00 - 17.00
09.00 - 14.00



VARHAUG • 51 77 14 70

www.fk.no

HAGEDAGER Coop Varhaug

fredag 29. og lørdag 30 april

Stemorsblomster	10 pk	29⁹⁰
Tagetes	10 pk	49⁹⁰
Lobelia, kant	10 pk	49⁹⁰
Petunia	4 pk	23⁶⁰
Steinbedsstauder		19⁹⁰
Urner i sett	4 stk	99
Hagejord	5x50 liter	99
Gartnerjord	50 liter	49
Hønsegjødsel		
m/ fullgjødsel	25 l	99
Hagegjødsel	20 kg	159
Hagegruppe		
med puter		1590
Hagegruppe		
barn		945
Stablestol	plast	39⁹⁰

coop

